

Velkommen til babysong



Velkommen til babysong i kyrkjene våre. Tilbodet er for babyar frå 0-1 år. Me har babysong onsdagar i partalsveker i Bryne kyrkje og Lye forsamlingshus kl. 10.30 -12.00, og onsdagar i oddetalsveker i Undheim kyrkje kl. 10.30 - 12.00. De vel sjølve kvar de vil melde dykk på.

Kva er babysong?

Babysong er ei songstund der me samlast i ring på golvet i kyrkja. Songstunda varer ca. 30 min, og den inneheld blant anna namnesong, kristne barne songar, rim og regler og dans. Me varierer mellom å sitja og liggja på golvet og å stå og dansa i ring. Etter samlinga blir det servert kaffi og ein enkel lunsj.

Kvifor babysong?

Små barn opplever sterkt gjennom sansing. Musikk er ein unik måte å kommunisere med det vesle barnet på! Gjennom rytme og klang i ord og tonar opplever barn og vaksne eit eige samspel. Dette skal vere eit "frirom" der babyen i lag med mor eller far får lytte til musikk, vere med på enkle øvingar og høyre og syngje gode songar.

Pris: 200 kr (for ca.6- 8 samlingar inkl. lunsj)

Påmelding med QR-koden eller via link under:

<https://app.checkin.no/event/56049/babysong-hausten-2023>



Ta kontakt om det er noko du lurar på!


Tone Vold, kyrkjelydspedagog Bryne

tone.vold@timekyrkja.no Tlf. 918 81 818

Ragnhild Hanssen, kyrkjelydspedagog i Time og Undheim

ragnhild.hanssen@timekyrkja.no Tlf. 990 22 872

Følg oss på



Instagram - trusoppleringa

<https://www.facebook.com/trusoppleringbrynetimeundheim>